

## **Framlegg til forskrift om vern av Skolten naturreservat, Gulen kommune, Vestland fylke**

Fastsett ved kongeleg resolusjon xx.xx.2021 med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

### **§ 1. (føremål)**

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på trua, sjeldan og sårbar natur. Området er eit større skoglandskap med god topografisk variasjon, og har vestnorsk regnskog, gamal furu- og lauvblandingsskog, samt rik edellauvskog med bekkekløftmiljø. Fleire trua artar er registrert.

Det er eit føremål å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og at mangfaldet av artar og livsmiljøa deira skal få utvikle seg mest mogleg naturleg.

### **§ 2. (geografisk avgrensing)**

Naturreservatet vedkjem følgjande gnr./bnr.: Gulen kommune: 8/1, 8/2, 8/3.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på 1481 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet xx.xx.2021. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart vert oppbevart i Gulen kommune, hos Statsforvaltaren i Vestland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

### **§ 3. (vernereglar)**

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som er nemnde i verneføremålet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a) Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne plantar og sopp (inkludert lav) eller deler av disse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødige forstyring. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Det må ikkje settast i gong tiltak som kan endre naturmiljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av veger, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna konsentrert ureining, lagring av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

### **§ 4. (generelle unntak frå vernereglane)**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Sanking av bær, nøtter og matsopp.
- b) Brenning av bål med tørrkvist frå bakken eller med ved utanfrå naturreservatet, i samsvar med gjeldande lovverk.
- c) Beiting.
- d) Utplassering av saltstein i samband med beiting som omtalt i § 4 c).
- e) Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- f) Oppsetting av mellombelse, mobile jaktårn for storviltjakt.
- g) Forsiktig rydding av småbusk og kvist i samband med storviltjakt.
- h) Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.

- i) Vedlikehald av gjerde og andre anlegg og innretningar i samsvar med tilstand på vernetidspunktet.
- j) Rydding og vedlikehald av sti jf. tilstanden på vernetidspunktet.

#### **§ 5. (regulering av ferdsel)**

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne. I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Bruk av sykkel, hest og kjerre, og ridning er forbode.

#### **§ 6. (generelle unntak frå ferdselsreglane)**

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsaugemed, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som vert nytta skal være skånsamt mot markoverflata. Ansvarleg naturoppsyn for verneområdet skal ha melding i førekant av køyring.
- b) Naudsynt uttransport av felt vilt med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- c) Landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.

#### **§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)**

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) Tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk.
- b) Istandsetjing, vedlikehald og naudsynt skjøtsel kring kulturminne i samråd med kulturminnestyresmaktene.
- c) Merking og rydding av nye stiar og oppsetting av turpostar.
- d) Oppsetting av nye gjerde i samband med 4c).
- e) Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar nemnd i § 4 h, og § 7 b og d.

#### **§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)**

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

#### **§ 9. (skjøtsel)**

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

#### **§ 10. (forvaltningsplan)**

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningslinjer for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

#### **§ 11. (forvaltningsstyresmakt)**

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

#### **§ 12. (ikrafttreding)**

Denne forskrifta trer i kraft straks.